



Bibliotek-Systemer AS
Postboks 2093
3255 Larvik

Dato: 22.12.2015
Vår ref.: 2015/12742-2
Saksbehandlar: stijoha1
Dykkar ref.:

Melding om tildeling i HFK-15-0278 - System for utlån av e-medier

Vi takker for mottekne tilbod i ovannemnde konkurranse.

Etter evaluering av tilboda er vi komne fram til at kontrakten skal tildelast Bibliotek-Systemer AS. Vi vil i det følgjande grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) § 13-3 første og andre ledd jf. § 11-14 første ledd.

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgande tildelingskriterium:

Nr.	Tildelingskriterium	Vekt
1	Brukarvenlegheit og funksjonalitet	50 %
2	Pris	30 %
3	Service og oppfølging	20 %

Etter ei samla vurdering av tilboda ut frå dei fastsette tildelingskriteria har vi konkludert med at tilbodet frå Bibliotek-Systemer AS er det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

Tildelingskriterium:	Bibliotekenes IT-senter AS	Bibliotek-Systemer AS	Elib AB
Tilbyders pris	1 200 000,00	1 044 300,00	5 890 000,00
Vekt pris	5,22	6,00	1,06
Vekt "Brukarvenlegheit og funksjonalitet"	5,62	5,74	5,61
Vekt "Service og oppfølging"	6,00	5,81	5,81
Sum:	5,57	5,83	4,29
Rangering:	2	1	3

Nærare grunngjeving:

Totalt kom det inn tre tilbod. Alle tilbydarane oppfylte kvalifikasjonskrava sett i konkurransegrunnlaget og var difor kvalifiserte for deltaking i konkurransen.

Tildelingskriteria «Brukarvenlegheit og funksjonalitet» og «Service og oppfølging» er gjort på bakgrunn av kva som er svara i høvesvis punkt 2 og 3 i vedlegg B. Vi har brukt ein skala frå 1 til 6 og gitt poeng på alle underkriteria. Difor er scoren på tildelingskriteria angitt med desimalar.

Tildelingskriteriet «Brukarvenlegheit og funksjonalitet» er delt inn i sju underkriterium. Seks av desse inneholder anten B- eller C-krev og er difor gjenstand for evaluering. Beste tilbydar i kvart underkriterium får sin score automatisk oppjustert til 6, mens scoren til dei andre tilbydarane vert oppjustert forholdsmessig.

På «Generelle systemkrav» fekk Elib AB høgaste score, mens Bibliotek-Systemer AS og Bibliotekenes IT-senter AS fekk scoren 5,7. Bibliotek-Systemer AS har fått trekk for at dei har svara «Nei» på spørsmål 15 om at systemet bør kunne nyttast på PC eller MAC, mens Bibliotekenes IT-senter AS har fått trekk for at dei har svara «Nei» på spørsmålet 7 om moglegheit for hausting av statistikk av oppdragsgjevar. Elib AB har svara «Ja» på alle C-krava.

På «Krav til administrasjon og interaksjon mot systemet» var det Bibliotek-Systemer AS som fekk høgaste score, mens Bibliotekenes IT-senter AS og Elib AB scora høvesvis 5,6 og 5. Bibliotekenes IT-senter AS har fått trekk for at det per i dag berre finst kopling mot Facebook og ikkje mot andre sosiale media. Elib AB har fått trekk for usikkerheit rundt integrering med dei tre biblioteksystema i Hordaland og fordi koplingen mot sosiale media ikkje inngår i leveransen.

På «Innhaldshandtering» fekk Elib AB høgaste score, mens Bibliotek-Systemer AS og Bibliotekenes IT-senter AS fekk scoren 5,6. Elib AB og Bibliotek-Systemer AS har begge fått litt pluss for at deira system allereie handterer e-lydbøker. Bibliotek-Systemer AS har fått trekk for at dei har svara nei på spørsmål 28 om handtering av film og musikk. Elib AB scora høgare enn både Bibliotek-Systemer AS og Bibliotekenes IT-senter AS på spørsmål 33 om at lånar sjølv bør kunne velje mellom dei mest vanlege e-boklesarar og avspelarar for lyd/bilde, då deira løysing er noko friare. På spørsmål 34 blir Bibliotek-Systemer AS trekt for ei meir tungvindt løysing der sluttbrukar må via nettlesaren for å finne informasjonen som blir etterspurdat i spørsmålet.

På «Universell utforming» var det umogleg å skilje tilbydarane frå kvarandre, og alle har difor fått scoren 6.

På «Parameterstyring» scora Bibliotekenes IT-senter AS høgast (6) mens dei andre to fekk scoren 5. Ingen har svara optimalt på desse spørsmåla, men Bibliotekenes IT-senter AS scora høgast fordi hjelpetekstar og andre tekstar kan redigerast av kunden, mens kunden for dei andre løysingane berre kan påverke desse ved deltaking i brukar-/referansegrupper.

På «Grensesnitt mot sluttbrukar» var det Bibliotek-Systemer AS som scora 6, mens dei andre to scora 5,4. Bibliotek-Systemer AS har fått pluss for ein særskilt lav terskel for bruk, og eit system som er svært intuitivt for sluttbrukar. Dei har allereie på plass ei løysing for innlevering etter lånars ønske for å få opp omløpshastigheten, og dessutan har dei ei løysing for at lånaren får beskjed om kva plass han eller ho har i køen ved reservasjon av e-media.

Totalt sett scora Bibliotek-Systemer AS høgast i konkurransen på tildelingskriteriet «Brukarvenlegheit og funksjonalitet» (5,74), mens Bibliotekenes IT-senter scora 5,62 og Elib AB scora 5,61, jf. tabellen over.

På tildelingskriteriet «Service og levering» scora Bibliotekenes IT-senter høgast (6), mens dei andre to tilbydarane fekk scoren 5,81. Alle tilbydarane har gode løysingar og rutinar for service og oppfølging. Bibliotekenes IT-senter AS har fått pluss for at dei garanterer ei oppetid på 98 %. Elib AB har fått pluss for at dei tilbyr den beste løysinga for handtering av avvik, men får trekk for at opplæring på staden berre tilbydast mot vederlag.

Det var til slutt prisen som vart avgjerande i konkurransen. Bibliotek-Systemer AS leverte det klart rimeligaste tilbodet i konkurransen, og fekk difor scoren 6 på tildelingskriteriet «Pris». Tilbodet frå Bibliotekenes IT-senter AS var noko dyrare, og dei har fått scoren 5,22. Tilbodet frå Elib AS var det klart dyraste tilbodet i konkurransen, og dei har fått scoren 1,06 på pris då deira tilbod var nesten seks gongar så dyrt som vinnaren sitt tilbod.

Vi gjer dykk merksam på at oppdragsgjevar tidlegast kan inngå kontrakt etter ein karensperiode på 10 dagar, rekna frå dagen etter at denne meldinga om tildeling er sendt, jf. FOA § § 13-3 første ledd. Frist for å setje fram eventuelle innvendingar mot avgjørda er tysdag 5. januar kl. 24:00. Vi ber om at eventuelle innvendingar vert sendt pr. post, med kopi på e-post til stian.wikran.johansen@hfk.no. Kontrakt vil bli signert i løpet av januar.

Vi gratulerer med tildelinga, og ser fram til eit godt samarbeid. Vi tek kontakt etter karensperioden for å avtale vidare framdrift.

Trond Amundsen
Innkjøpssjef

Stian Wikran Johansen
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

- 1 
- 2 Melding om tildeling i HFK-15-0278 - System for utlån av e-medier